

Fylkesmannen i Hordaland

REVISJONSUTTALE – RADØY KOMMUNE, FRISKLIVSENTRALAR 2016

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med tilsagn datert 27.04.2016.

Samla utgiftsført totalsum er på kr 178 376.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At rapporterte utgifter stemmer med kommunerekneskapen og gjled prosjektet.
- At rekneskapssammendraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Utgiftsposten «Kursleiar Masfjorden, Austrheim, Lindås» kr 43 000 er eit anslått beløp for postar utgiftsført i dei samarbeidande kommunane sine rekneskarar. Denne utgiftsposten er ikkje dokumentert i prosjektrekneskapen.

Med unntak av dette har vårt arbeid ikkje avdekkja vesentlege feil eller avvik.

Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Fylkesmannen i Hordaland og kommunen. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentlighetslova.

Isdalstø, 10.03.2017

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Radøy kommune